

## Referat OMRÅDEUTVALET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

<b>Tid</b>	Fredag 19.april 2024, kl 09:00 – 12:00
<b>Stad</b>	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
<b>Møteleiar</b>	Oddvin Neset
	<p><b>Arbeidstakarorganisasjon:</b>  <b>Brukarrepresentant:</b> Evy Knutsen (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland).  <b>Hovudtillitsvalt:</b> Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet), Trond Larsen (HVT Fagforbundet)  <b>Kommunane:</b>  Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver)  Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Anne Hildegunn Færøy (Austrheim),  <b>Kommuneoverlegerepresentant:</b> Anita Sørtveit (kommuneoverlege Osterøy - vara for Terese Folgerø - kommuneoverlegerepresentant Nordhordland)  <b>Fastlegerepresentant:</b> Grete Wold (fastlegerepresentant Nordhordland)  <b>Helse Bergen:</b> Grete Lill Hjartnes, Gro Fanebust, Alf Henrik Andreassen.  <b>Haraldsplass:</b> Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen,  <b>Sekretariat:</b> Elena Sandgathe, Kathrin Sætren Omland  <b>Observatør:</b> Anita Bjørsvik Kvamme (RNI)</p>
<b>Fråfall</b>	Mona Molland (Gulen kommune); Annika Villanger (Fedje kommune)

Nr.	Saker
12/24	<p><b>Godkjenning av innkalling og referat</b>  Innkalling og referat er godkjent utan merknadar.</p>
13/24	<p><b>Informasjon om samhandlingslegar i spesialisthelsetenesta</b>  Presentasjon ved Anne Laue, Samhandlingslege HDS, fastlege Alver kommune, og Benedicte Djupesland, Samhandlingslege HUS, fastlege Bergen kommune.</p> <p><u>Funksjonen samhandlingslegar på sjukehusa:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av heimesidene: <a href="#">Fastlegesiden - Haraldsplass diakonale sykehus</a> og <a href="#">Samhandlingslegen - Helse Bergen HF (helse-bergen.no)</a></li> <li>- Samhandlingslegane er ei nasjonal ordning. Dei er allmennlegar i botn og tilsett på sjukehusa for å betre prosessane og samhandlinga mellom sjukehus og kommunane, særleg mellom legane.</li> <li>- Samhandlingslegar støttar opp under prosessar som påverkar prosessar ut, til dømes PLL prosjektet. Utgir samhandlingsnytt, der relevante saker kan meldast inn.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Prøver å sette opp samhandlingstreff for legar, som møteplass og for å diskutere faglege tema, <i>Nytt og nyttig</i> for Helse Bergen og <i>Samhandlingsseminar</i> på Haraldsplass.</li> <li>- Mogleg å sende innspel til samhandlingslegane på e-post.</li> <li>- Samhandlingsavvik følgjes opp på generelt grunnlag. Det finns per i dag ikkje felles avvikssystem mellom sjukehus og fastlegane.</li> <li>- På grunn av ressursar er det bestemt at samhandlingslegane ikkje skal være faste medlemmar i FSU-ane. Heller ynskje om å trekke inn samhandlingslegane på sak eller gje råd på sak.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Representantane for OU Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
14/24	<p><b>Orientering frå Strategisk samarbeidsutval</b></p> <p>Referat frå SSU-møtet 18.mars-24 ved Rebekka Ljosland:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Strategien for Helsefellesskap Bergensområdet ble presentert for Hordalandsbenken med bodskapet om at det er behov for eit felles samhandlingsbudsjett.</li> <li>- Sak om pasienttransport frå Osterøy: ikkje tatt inn som sak i SSU, dette ble så tatt opp under eventuelt. Saka blir følgd opp frå Osterøy kommune sjølve.</li> <li>- Hovudendringa i den nye Pandemiatalen er namneendringa, sjå vedlegg frå saksutsending.</li> </ul> <p>Moglegheit å gi innspel til felles Handlingsplan innan 03.05.24:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Minne om at partane må bidra med å komme i mål med alle måla.</li> <li>- Stor handlingsplan med mykje å levere på: Mange saker skal følges opp i 2024. Kan man skunde seg meir langsamt og planlegge meir inn i 2025? Kvar av partane må sjølve kome med innspel til saker, produsere innhald og bidra i implementeringa. Dette kan ikkje gjerast av sekretariatet åleine.</li> <li>- Samhandlingssekretariatet får mykje ansvar med å dra prosessane på handlingsplan og det er behov for å ha ein god sekretariatsstruktur.</li> <li>- «<i>Gode pasientforløp</i>»: som et internt prosjekt i Austrheim og Osterøy kommune. Korleis kan man bruke kommunane sine erfaringar frå arbeide med «<i>Gode pasientforløp</i>».</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Representantane i OU Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
15/24	<p><b>Bli kjent med arbeidsfeltet:</b> Alver kommune ved kommunalsjef, helse og omsorg Leni Dale (vedlegg)</p> <p><b>Vedtak</b> Representantane i OU Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
16/24	<p><b>Revisjon av avtalar – representasjon frå kommunane i Nordhordland:</b></p> <p>Kommunane i Nordhordland meld inn ein representant på vegne av Områdeutvalet til dei tre arbeidsgruppene - innan 1.juni-24 - for:</p>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablering av tenesteavtale 12 - Utvikling og planlegging av tenestene.</li> <li>- Etablering av tenesteavtale 13 - Born og unge som mottar tenester frå begge forvaltningsnivåa.</li> <li>- Justering av særavtale til tenesteavtale 7 - LIS1 – rekruttering.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Områdutvalet i Nordhordland takkar for orientering og støtter vedtaket med følgande justering: <i>Kommunane i Nordhordland melder inn ein representant på vegne av Områdeutvalet til de tre arbeidsgruppene.</i></p>
17/24	<p><b>Mål og spelereglar i OUNH – evaluering - oppfølging sak 04/23</b></p> <p>Områdutval blei einige om felles spelereglar for målsetjing, gjennomføring og form på møta:</p> <p><u>Forslag til endringar på spelereglar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ansvar og oppgåvedeling er tydeleg for pasient og pårørande. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ny formulering: Ansvars- og oppgåvedeling er tydeleg.</li> </ul> </li> <li>- Gode saksnotat, som blir sende ut i god tid før (helst 3 veker før møtet) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ny formulering: Sakslistene med vedlegg sendes ut helst 2 veker før møtet.</li> </ul> </li> </ul> <p><u>Andre innspele på spilleregler</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er det behov for at orienteringssaker og at dei same sakene kjem opp i de alle OU'ene?</li> <li>- Orienteringssakene sendast ut skriftleg i referatet i etterkant.</li> <li>- Spørsmål knytt til tal på saker som har blitt meldt frå OU til SSU sidan etablering av Helsefellesskapet i bergensområdet. Er ikkje hensikta at OU er eit rådgivande organ for SSU? Dette må tas opp i SSU.</li> <li>- Korleis kan vi evaluere og måle forbetingane?</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Representantane i OU Nordhordland vedtar dei foreslått endringane for Områdutvalets spelereglar.</p>
18/24	<p><b>Styringsgruppe PLL - representant frå Nordhordlands kommunane</b></p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Områdutvalet i Nordhordland vedtar saken med følgande justering på vedtakspunktet:</p> <p><i>Kommunane i Nordhordland melder inn ein representant på vegne av Områdutvalet til styringsgruppa PLL.</i></p>
19/24	<p><b>Retningsliner for elektroniske meldingar innan somatisk sektor - forslag til endring – ved Grete Lill Hjartnes</b></p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Representantane i OU Nordhordland takkar for orienteringa og vedtar sak om endringar for retningsliner for elektroniske meldingar innan somatisk sektor, med følgande innspele:</p>



	I innleggingsrapporten bør det også koma fram HLR status, Cave (allergiar) og skrøpelegheit vurdering.
20/24	<p><b>Orientering frå partane/representantane:</b></p> <p>Frå kommunane i Nordhordland:</p> <p><u>Lokalt UFAB NH – oppdatering av mandat:</u> Mandatet har ikkje vert oppdatert sidan 2017. Leiar for Nordhordland legevakt er leiar for lokalt UFAB Nordhordland. Det er no behov for revisjon av mandat og representasjon. Kommunalsjefgruppa HONH skal sjå på dette.</p> <p><u>Avtalespesialistar:</u> Fagrådet for kommuneoverlegar og fastleggar i Nordhordland melder at det er vanskeleg å komme inn til privat praktiserande spesialistar. Dei får stadig oftare avvisning, og spør om kva som er planen framover rundt avtalespesialistar? Fastlegane opplever at ventetida har blitt lengre for å komme til, og det er færre og færre avtalespesialistar tilgjengeleg.</p> <p>Avtalespesialistane er tilsett via Helse Vest. Sjukehusa styrer ikkje kva avtalespesialistar som får avtale. Helse Bergen er opptatt av at avtalespesialistar ikkje flyttar frå opptaksområdet.</p> <p>Avtalar at ei set dette på dagsorden til neste møte i sekretariatet.</p> <p><u>Pasientreiser Osterøy:</u> Blei meldt til SSU, men blei ikkje behandla der. Osterøy er ueinig i at dette ikkje er strategisk sak. Saka er no sendt til Statsforvaltar.</p> <p><u>Helse Bergen:</u> Legger ved orienteringane frå dei i referatet.</p>
21/24	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Årsmelding for 2023 frå pasient – og brukarombodet blir lagt ved i referatet.</li> <li>- Grete Wold, fastlegerepresentant i Områdeutval Nordhordland, har bedt om å tre ut av sin funksjon i helsefellesskapet frå august-24. Det er nå behov for å få inn ein ny representant for ho både i Områdeutvalet, Strategisk samarbeidsutval og FSU eldre med skrøpelegheit.</li> </ul>

